


KARSTEIN JONAS STENE
HELLEBAKKEN 3
5039 BERGEN

Dato	19.10.2023
Vår referanse	2023/71454-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702


Tilbakemelding - Søknad om fornying av løyve til avkøyrslø - fv 57 - gnr 118 bnr 2 - Alver kommune



Vi viser til e-post datert 17.08.2023 kor det blir bede om ei fornying av førehandstilsegn gitt av Statens vegvesen (SVV) i 2017. Løyvet frå SVV var eit førehandstilsegn som er eit løyve på vilkår for ei midlertidig avkøyrslø til fylkesveg 57 for gnr 118 bnr 2 for ein landbruksveg.

Historikk

Det blei søkt til Statens vegvesen i 2016 om ein landbruksveg kor dette situasjonskartet låg ved;



Situasjonskart datert 25.02.2016 som låg ved søknad til Statens vegvesen.

SVV gav først tilbakemelding med eit brev datert 11.05.2016 om at det pågjekk eit reguleringsplanarbeid for fylkesveg 57 og at søkar burde sende innspel til planarbeidet. SVV gjorde ei vurdering om at det ikkje var aktuelt med ei permanent avkøyrslø på staden, men at dersom det likevel var aktuelt å ta ut tømmer kunne dei gje eit løyve for ei tidsavgrensa periode.

Etterpå gav dei eit førehandstilsegn/løyve på vilkår for ei midlertidig avkøyrslø som ville vera gyldig for inntil tre år. Dette løyvet som er datert 03.01.2017 hadde vilkår om at avkøyrslø skulle vera ferdig opparbeidd og godkjent av Statens vegvesen innan tre år. På grunn av privatrettslege høve vart ikkje avkøyrslø bygga innan denne tiden, og det vert difor søkt om ein fornying av SVV sitt løyve.


Ny vurdering av avkøyrsløys

Sjølv om Statens vegvesen gav eit løyve på vilkår for midlertidig avkøyrsløys i 2017, må søknad om fornying av løyvet behandlast på ny søknad då det kan vera nye forhold på staden og gjeldane reglar og lowerk som påverkar vurdering av avkøyrsløys.

Ved e-post frå deg kor du ber om ei fornying av førehandstilsegn fekk vi berre med kopi frå SVV sitt løyve frå 2017. Vi bad om ei tilbakemelding på om det var situasjonskartet som låg ved søknad til Statens vegvesen i 2016 som framleis gjaldt no, som vi fekk bekrefta. Det blei også bekrefta at vi skulle legge til grunn akkurat same informasjon som når det vart søkt i 2016.

Vi på avdeling for infrastruktur og veg i Vestland fylkeskommune har sett at denne søknaden om fornying av løyve vi har mottatt, heng saman med søknad om skog/landbruksveg til Alver kommune, som fylkeskommunen fekk til uttale i brev datert 18.07.2023.

Alver kommune sitt saksnummer her er; 23/5719 – 23/59179



Situasjonskart datert 31.03.2017, som låg ved søknad til Alver kommune om landbruksveg.

Ved søknad til Alver kommune er det kryssa av for at søker har gyldig avkøyrsløys. Dette er feil opplysing i søknad til kommunen ettersom løyvet frå SVV i 2017 er gått ut.

Slik vi les dokumenta som ligg ved oversendinga frå Alver kommune så vert det søkt om ein mykje lengre landbruksveg enn den som vi på avdeling for infrastruktur og veg er bede om å legge til grunn. Denne vegen verkar og til å vera for meir permanent bruk for hytter som ligg i enden av denne omsøkte landbruksvegen.

I vidare arbeid med vurdering av opplysingar og informasjon om forhold på staden, for å kunne behandle søknad om fornying av løyvet/førehandstilsegnet ser vi at reguleringsplan for Lindås tettstad – Mongstad er vedtatt i 2022.

